Konklusjon: Næringsområdet i Øksnesmarka skal videreførast som næringsareal i den nye kommuneplanen sin arealdel. Næringsareal med dei kvalitetane som Øksnesmarka har, er mangelvare

i heile fylket. Ein kystkommune som Austrheim må ha gode sjønære næringsområder, særleg med tanke på framtidsretta næringsutvikling knytt til marine og maritime næringar.

19. Siv Marit Saue og Bård Bolstad.

Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen i Klauvholmen i Lauvøystraumen vert ikkje endra i dette LNF-området til Fritidsbusetnad.

20. Lingalaks AS.

Konklusjon: Innspel om fiskeoppdrett i sjø, som er motteke etter at sakspapira vart send ut, sendast attende til administrasjonen for nærare saksutgreiing. Saksutgreiinga vert lagd fram til kommunestyre

før saka vert send ut på andre gongs offentleg høyring.

21. Trond Kaland.

Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert ikkje endra i dette regulerte området på Kaland i samband med kommuneplanarbeidet. Her må det planendring til for å endra reguleringsplanen i området.

22. Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS.

Konklusjon: Innspel om fiskeoppdrett i sjø, som er motteke etter at sakspapira vart send ut, sendast attende til administrasjonen for nærare saksutgreiing. Saksutgreiinga vert lagd fram til kommunestyre

før saka vert send ut på andre gongs offentleg høyring

23. Walther Kaland.

Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen endrar me ikkje kommuneplankartet i dette området på Kaland til Bustadområde, men innspelet til Walter Kaland vil me ta med oss i

planarbeidet når Austrheim kommune skal detaljregulera skule- og barnehageområdet. Då er det naturleg å regulera inn bustadar i dette området der dette er formålstenleg og ikkje kjem i konflikt med andre brukarinteresser.

24. Atle Utkilen.

Konklusjon: Forslaget om å endra bustadområda på Bakkøy, BO2 og B37, i gjeldande kommuneplan til spreidd bustad vert ikkje støtta..

Området skal framleis vera regulert til bustadområde i arealdelen kommuneplanen 2016-2027 og det vert vist til den nylige vedtekne eigarskapsmeldinga til Austrheim kommune.

Krav om gang og sykkelveg må sjåast i samanheng med detaljregulering på same måte som for andre bustadområder i kommunen.

25. Cecilie Fønnes.

Konklusjon: Med bakgrunn i at det er regulert gang og sykkelveg forbi gnr. 147 bnr. 17/38 og at denne eigedommen har særst farleg utkjørsel, bør ein sjå området under eit. Det er behov for å finna gode løysingar for dei som bur i området. Området på motsett side av vegen ligg inneklemt mellom to bustadområde. Vi ynskjer å endre arealplanen slik at ein ligg til rette for at det kan byggjast bustadhus på motsett side av vegen.

Før det kan byggjast, må området detaljregulerast. Det er viktig at ein ser på alle avkjørslane i området under eit, for å finna ny og betre felles avkjøring for heile området.

26. Naturvernforbundet.

Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen tek me ikkje merknaden til Naturvernforbundet til etterretning når det gjeld forslag til arealendringar.

Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen set me av eit AK område i arealdelen til kommuneplanen ved Allersholmen. Dette på grunn av merknaden frå fylkeskommunen.

27. Kai Arild Kaland.

Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen endrar me ikkje kommuneplankartet til næringsføremål i dette Deponiområdet langs Fv. 57 på Kaland.

28. Morten Ragnvaldsen.

Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen reduserer me H14 området på kommuneplankartet i den austlege delen av dette området på Njøta. Det vert no LNF-område.

29. Fiskarlaget Vest.

Arealdelen til kommuneplanen vert endra ved Øksneset og Allersholmen i området avsett frå «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» til akvakulturområde. Sjå merknadshandsaming av

Hordaland Fylkeskommune sin merknad. Elles tek Austrheim kommune merknadar til etterretning der det er naturleg og viktig i forhold til fiskeriinteresser. I kommuneplankart legg me inn kaste- og låssettingsplassane

KL-område slik Fiskarlaget Vest ynskjer det og der det ikkje kjem i strid med anna arealbruk, eller der dette ikkje er naudsynt fordi arealformålet alt ivaretek desse omsyna/bruken.

30. Karin Ljostveit og Terje Dalen.

Konklusjon: Merknaden vert tatt til orientering.

Offentlege merknadar:

1. Bergen og Omland Hamnevesen.

Konklusjon: Austrheim kommune tek merknaden til orientering.

2. Kystverket Vest.

Konklusjon: Austrheim kommune tek merknaden til orientering.

3. Hordaland Fylkeskommune.

Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra ved Øksneset og Allersholmen i området avsett frå «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» til akvakulturområde. Elles vert

føresegn om kulturminne endra slik fylkeskommunen ber om, og område for senterstruktur nærare bestemt på arealplankartet. Austrheim kommune vil synleggjera i føresegn kor mange bustadar me kan tillata i LNF-SB/SBN områda i planperioden. Merknaden vert elles teke til orientering.

4.Fiskeridirektoratet.

Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra ved Allersholmen i området avsett frå «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» til Akvakulturområde AK.

5.Statens vegvesen, Region vest.

Konklusjon: Føresegn til kommuneplanen i Austrheim vert endra slik Statens vegvesen ber om.

6.Fylkesmannen i Hordaland.

Konklusjon: Merknadar til kommuneplanen vert teke til etterretning slik Fylkesmannen i Hordaland ber om. Kommuneplanen vert sendt ut til andre gongs offentleg ettersyn når det er følgd opp.

Frådelte bebygde tomter i LNF

Det skal lagast liste i føresegnene over frådelte og bebygde tomter i LNF som skal ha status som LNF spredt bustadbygging (SB) og LNF spredt fritidsbustad. Desse får same føresegner som i føresegnene §§ 3.2.2 og 3.2.3.

Talet nye bustadhus LNF SB og SBN

Tal på nye bustadhus i område avsett til LNF spredt bustadbygging (SB) og spreidd næring (SBN) vert slik:

Område	Tal nye bustadhus i planperioden
SBN 1 (Ulvøyna)	3 bustadhus
SBN 2 (Njøta sør)	3 bustadhus
SBN 3 (Rebnor)	3 bustadhus
SBN 4 (Vikane)	3 bustadhus
SBN 6 (Austrheim)	5 bustadhus
SBN 7 (Hopland)	5 bustadhus
SBN 8 (Lerøyna)	5 bustadhus
SB 1 (Utkilen vest)	2 bustadhus
SB 3 (Leirvågen)	4 bustadhus
SB 5 (Bakka)	2 bustadhus
Straumstad	1 bustadhus
SB 4 (Synnevågen)	3 bustadhus
SB 6 (Monslaupen)	4 bustadhus
SB 7 (Njøta nord)	3 bustadhus
SB 8 (Førland-Solend)	5 bustadhus
SB 9 (Hjertås)	3 bustadhus
SB 10 (Årås-Leikvoll)	2 bustadhus
SB 11 (Solend nord)	2 bustadhus
SB 12 (Hjertås vest)	2 bustadhus
SB 13 (Hjartåskrysset/vest)	2 bustadhus
SB 14 (Austrheim ved Fv. 565)	3 bustadhus
SB 17 (Bergsvik)	3 bustadhus
SB 20 (Finnsvågen vest)	3 bustadhus
SB 21 (Dyrneset)	3 bustadhus
SB 23 (Øksnes)	3 bustadhus
SB 24 (Sævrøyna aust)	3 bustadhus
SB 25 (Sævrøyna vest)	3 bustadhus
SB 26 (Langøyna)	5 bustadhus
SB 27 (Krossøy)	5 bustadhus
SB 29 (Litlelindås)	3 bustadhus
SV 30 (Utkilen sør)	3 bustadhus
SB 31 (Utkilen nord)	3 bustadhus
Baløy	3 bustadhus

SB 32 (Sætre-Budalen)	3 bustadhus
SB 33 (Toftegård)	1 bustadhus
SB 34 (Toftegård)	1 bustadhus
SB 35 (Synnevågen søvest)	2 bustadhus
SB 36 (Synnevågen sør)	2 bustadhus
Fonnes (to mindre område)	6 bustadhus
Litlås (to mindre område)	3 bustadhus

Vedtekne endringsforslag i kommunestyret vert teke inn i plankartet, føresegner, planskildring og konsekvensutgreiing til kommuneplanen sin arealdel.

Kommunestyret i Austrheim legg kommuneplanen sin arealdel formelt ut på andre gongs offentleg ettersyn når plandokumenta er vorte revidert.

Saksopplysninger:

Kommunestyret i Austrheim hadde møte den 10.11.2016 om kommuneplanen sin arealdel. Møtet starta med at kommunestyret gjekk frå Åråsfeltet til Øksnes grendahus for synfaring av næringsområdet i Øksnesmarka. På Øksnes Grendahus informerte avdelingsleiar Asbjørn Nagell Toft om alle merknadene som var kome inn til arealdelen som var på offentleg ettersyn fram til 1. juli 2016. Det kom inn 29 private merknadar (privatpersonar, organisasjonar og verksemder). Det kom inn 6 merknadar frå offentlege instansar. Alle merknadane vart sendt ut til møtedeltakarane i god tid før dette kommunestyremøtet. Det vart ikkje gjort vedtak i saka den 10.11.2016. Det vart bestemt her at nytt møte der kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2016 - 2026 vart handsama i kommunestyret skulle vera i januar/februar 2017.

Kommuneplanen som var på offentleg ettersyn våren 2016 kan alle sjå på Austrheim kommune sitt planregister under **Braplan med arealplanid. 2013001**. Du skriv *kommunenamn* og så arealplanid *2013001* i feltet. Trykk på «*Dokumenter*» så kjem alle dokumenter opp. Her finn du Føresegner under «*Bestemmelser*», planskildring under «*Beskrivelse*» og *Arealplankart* og kommune ROS-Austrheim under *Rapport*. Her står og dei politiske vedtak som er gjort i saka til no.

Det kom motsegn frå Hordaland Fylkeskommune. Dialogmøte er halde med Fylkesmannen i Hordaland i august 2016. Deira uttale er basert på semje om at kommuneplanen sin arealdel vert sendt ut til andre gongs offentleg ettersyn.

Merknadane har rådmannen handsama i eige vedlagt skriv «**Merknadshandsaming i samband med kommuneplanen sin arealdel i Austrheim**». Dette skrivet er datert 24.10.2016 med merknadsdato, namn på merknadskrivar, grunngjeving/innhald, høringskartet som var på offentleg ettersyn i gjeldane område merknaden gjeld for. Grunnkart/fotokart over området og anna naudsynt foto/kart er og med i informasjon om merknaden. Til slutt under kvar merknad er det gjort ei vurdering av merknaden og med konklusjon frå rådmannen om Austrheim kommune bør endra planen eller ikkje etter merknadshandsaminga. Til slutt i merknadshandsaminga er det ei kronologisk liste over konklusjonane frå rådmannen «**Oversikt på konklusjonane frå merknadshandsaminga**».

LNFR-areal med spreidd bustadbygging (SB) og spreidd næring (SBN)

Etter kommunestyremøtet i Øksnes har rådmannen laga eit forslag til kor mange bustadhus som kan byggjast i dei ulike LNFR-areala med spreidd bustadbygging (SB) og (SBN). Dette er eit krav i merknaden frå Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune at tal på nye bustadhus i desse områda skulle talfestast i kommuneplanen, dette skal og visast på plankartet. Statens vegvesen har og teke dette opp i sitt merkandsskriv. Der det er reguleringsplanar i nærleiken med ledige tomstar er talet lågare enn der det ikkje er regulerte bustadfelt i nærleiken. Om det er farlege vegar for dei mjuke trafikkantane er talet på nye hus som kan byggjast i planperioden redusert noko. I ulike grender kan og talet på SB-areal og SBN-areal variera noko, det er det og teke omsyn til i saksutgreiinga. Når dette talet er bestemt vert det skrive inn på kommuneplankartet og i føresegn, før det vert sendt vidare på 2 gongs offentleg ettersyn. Forslaget frå rådmannen kor mange nye bustadhus som kan byggjast i planperioden dei ulike stadane for SB og SBN-areal er talfesta i tabellen under. Nokre område manglar tal, dei områda er det naturleg å talfesta i justert plankart.

Område	Tal nye bustadhus i planperioden
SBN 1 (Ulvøyna)	3 bustadhus
SBN 2 (Njøta sør)	3 bustadhus
SBN 3 (Rebnor)	3 bustadhus
SBN 4 (Vikane)	3 bustadhus
SBN 6 (Austrheim)	5 bustadhus
SBN 7 (Høpland)	5 bustadhus
SBN 8 (Lerøyna)	5 bustadhus
SB 1 (Utkilen vest)	2 bustadhus
SB 3 (Leirvågen)	4 bustadhus
SB 5 (Bakka)	2 bustadhus
Straumstad	1 bustadhus
SB 4 (Synnevågen)	3 bustadhus
SB 6 (Monslaupen)	4 bustadhus
SB 7 (Njøta nord)	3 bustadhus
SB 8 (Førland-Solend)	5 bustadhus
SB 9 (Hjertås)	3 bustadhus
SB 10 (Årås-Leikvoll)	2 bustadhus
SB 11 (Solend nord)	2 bustadhus
SB 12 (Hjertås vest)	2 bustadhus
SB 13 (Hjertåskryset/vest)	2 bustadhus
SB 14 (Austrheim ved Fv. 565)	3 bustadhus
SB 17 (Bergsvik)	3 bustadhus
SB 20 (Finnsvågen vest)	3 bustadhus
SB 21 (Dyrneset)	3 bustadhus
SB 23 (Øksnes)	3 bustadhus
SB 24 (Sævrøyna aust)	3 bustadhus
SB 25 (Sævrøyna vest)	3 bustadhus
SB 26 (Langøyna)	5 bustadhus
SB 27 (Krossøy)	5 bustadhus
SB 29 (Litlelindås)	3 bustadhus
SV 30 (Utkilen sør)	3 bustadhus
SB 31 (Utkilen nord)	3 bustadhus
Baløy	3 bustadhus
SB 32 (Sætre-Budalen)	3 bustadhus
SB 33 (Toftegård)	1 bustadhus

SB 34 (Toftegård)	1 bustadhus
SB 35 (Synnevågen søvest)	2 bustadhus
SB 36 (Synnevågen sør)	2 bustadhus
Fonnes (to mindre område)	6 bustadhus
Litlås (to mindre område)	3 bustadhus

Lokalisering av kor desse bustadhusa kan byggjast på desse areala med (SB) og spreidd næring (SBN) styrer føresegnene til kommuneplanen sin arealdel på ein klar og tydeleg måte i **§ 3.2.1 slik**:

§ 3.2.1 Ny bygnad

Område for spreidd byggeområde kan i planperioden byggjast ut der det ikkje er til ulempe for landbruk, friluftsliv eller natur og miljø. Det kan ikkje byggast på dyrka eller dyrkbar mark, på samanhengande innmarksbeite eller på samanhengande skogsområde av høg bonitet, jf. pbl §11-11 nr. 2.

Det står elles som vist under i føresegnene for kva som kan gjerast av tiltak på eigedommar med eksisterande bygningar i LNF-område der spreidd bustadbygging kan tillatast (SB) og (SBN).

§ 3.2.2 Spreidd bustad og § 3.2.3. spreidd fritidsbustad

På eigedom med eksisterande bygningar kan følgjande tiltak tillatast i tråd med eksisterande bruk, jf pbl § 11-11 nr 2:

- a. Tiltak etter pbl § 20-1, bokstav c), e), f), h), i), og j)*
- b. Tiltak som fell innfor reglane i pbl §§ 20-2, 20-3 og 20-4*
- c. Tilbygg og påbygg der samla bruksareal (BRA) er inntil 100m² etter pbl §20-a)*
- d. Arealoverføring eller tilleggsareal opptil 200 m² (samla) etter pbl §20-1 m)*

Det er vorte drøfta i administrasjonen om bebygde eigedomar i LNF-områda bør få lik føresegn som over. Dette for å unngå at tiltak her vert dispensasjonssak. For å få dette på plass i føresegna må Austrheim kommune laga ei oversiktsliste over gbnr. på dei aktuelle eigedommane, desse eigedommane må opplistast i den reviderte føresegna. Dette har vorte drøfta med Fylkesmannen i Hordaland, dei set krav om at eigedommane som Austrheim kommune vil ha med her LNF-område må visast og opplistast med gbnr. i føresegna, det er ikkje nok å ha ei generell føresegn her.

Vurdering:

Rådmannen rår til at dette vert dagsorden på kommunestyremøtet den 22.02.2017:

1. Status for kommuneplanen sin arealdel vert gått gjennom av administrasjonen.
2. Politisk drøfting og oppklaring/spørsmål til kommuneplanen sin arealdel.
3. Endringsforslag og votering på konklusjonen til kvar merknad i merknadshandsaminga datert 24.10.2016.
4. Saksgangen vidare fram til andre gongs offentleg ettersyn.
5. Eventuelt.

Rådmannen synes at talet på kor mange bustadhus som kan byggjast i dei ulike LNF-areala med spreidd bustadbygging (SB) og (SBN) som vist over i saksutgreiinga vert lagt inn i kommuneplanen sin arealdel på plankartet og i føresegn. Rådmannen rår til at Austrheim kommune tek merknaden frå Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune til etterretning her. Rådmannen synes det er naturleg at kommunen reduserer dette talet på nye bustadar der det er reguleringsplanar i nærleiken som har ledige tomtar. Rådmannen meiner og det er naturleg at der det er farlege vegar for dei mjuke trafikkantane vert talet på nye bustadhus i slike område (SB og SBN) redusert noko.

Rådmannen rår elles til at bebygde eigedomar i LNF-områda bør ha same føresegn som **§ 3.2.2 Spreidd bustad** og **§ 3.2.3. Spreidd fritidsbustad**. Dette for å unngå at søknadsppliktige tiltak på bebygde eigedommar alltid skal verta dispensasjonssaker. Rådmannen rår til at Austrheim kommune lager ei oversiktsliste over gbnr. på dei aktuelle eigedommane og at dei kjem med i den reviderte føresegna slik Fylkesmannen i Hordaland har rådd oss til å gjera.

Rådmannen synes merknadshandsaminga i samband med kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2016-2026 datert den 24.10.2016 er eit grundig og godt fagleg utarbeidd dokument. Rådmannen rår til at konklusjonane i merknadsskrivet der det er forslag til endringar vert teke inn i plankart, føresegner og i planskildringa før kommuneplanen sin arealdel vert sendt ut til andre gongs offentleg ettersyn.

Oversikt på rådmannen sine konklusjonar på merknadshandsaminga:

Rådmannen viser til vurderingane i vedlagt dokument som er ein del av denne saksutgreiinga som heiter «**Merknadshandsaming i samband med kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2016-2026**». Konklusjonane til rådmannen til desse merknadane er lista opp i kronologisk rekkefølge under slik:

Private merknadar:

- 1. Eva Beate Langøy.** Konklusjon: Det vert sett av eit mindre Naustområde på land og Småbåthamn i sjø på Sevrøy aust i arealdelen til kommuneplanen.
- 2. Atle Børsheim.** Konklusjon: Det vert sett av eit mindre Naustområde med felles Småbåthamn og slipp her i arealdelen til kommuneplanen.
- 3. Blom Fiskeoppdrett AS.** Konklusjon: Det vert sett av eit AK område i arealdelen ved Allersholmen i kommuneplanen i samsvar med omsøkt område.
- 4. Trond Ove Lerøy.** Konklusjon: På Lerøy vert arealdelen til kommuneplanen uendra i dette LNF-området.
- 5. Geir Daae m.fl.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra i dette området på Toftogård frå LNF-område til Naustområde slik at det vert plass til maksimum fem nye naust her.
- 6. Kjell Dahle.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra i dette området i Mastrevik frå LNF-området til Friområde. Detaljreguleringsplan skal lagast her, det er med i forslag til planstrategien til Austrheim kommune.
- 7. Kari og Terje Utkilen.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra i dette området på

Utkilen frå Friluftsområde i sjø til Småbåthamn. Den funksjonelle strandsona vert utvida noko rundt vika her.

8. Stein Tvedt. Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra i dette området på Bergsvik frå SB 17 til Naustområde og i sjø til Småbåthamn slik innspelet på kart viser. Den funksjonelle strandsona vert utvida rundt vika.

9. Mikal Krossøy. Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra i dette området på Krossøy frå LNF til Småbåthamn og Naustområde. Den funksjonelle strandsona vert utvida rundt vika her.

10. Astrid og Bernhard Austrheim. Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra i dette området i Austrheimsvågen frå LNF til Naustområde. Den funksjonelle strandsona vert utvida rundt vika her.

11. Norvald Rikstad. Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra i dette området i Austrheimsvågen frå LNF til Naustområde. Den funksjonelle strandsona vert utvida rundt vika her.

12. Odd Haugen. Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert ved Toftegård endra i dette området frå LNF-område til Bustadområde.

13. Odd Haugen. Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert ikkje endra i dette området i Øksnesmarka frå LNF-område med omsynsone (bevaring naturområde) til Næringsområde.

14. Terje Stevnebø. Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert ikkje endra i dette området på Kalven ved Njøta frå LNF-område til område for Naust, Småbåthamn og flytebyggjer.

15. Marit Hatlem. Konklusjon: Kommuneplanen sin planskildring som var på offentleg ettersyn bør endrast her Njøta slik dei ber om i merknaden sin.

16. Aksel Hatlem. Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen er SBN2-område på Njøta (LNF-areal med spreidd bustadbygging og spreidd næring). Dette vert ikkje endra til LNF-område.

17. Per Lerøy. Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert ikkje endra i dette området i Leirvågen frå Næringsområde, Småbåthamn og Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona til område for o_Hamn (K – Kai).

18. Per Lerøy. Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen i Øksnesmarka vert ikkje endra i dette området frå LNF-område med omsynsone (bevaring naturområde) til Næringsområde.

19. Siv Marit Saue og Bård Bolstad. Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen i Klauvholmen i Lauvøystraumen vert ikkje endra i dette LNF-området til Fritidsbusetnad.

20. Lingalaks AS. Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert ikkje endra i dette sjøområdet i Hoplandsosen, det vert ikkje sett av eit område for Akvakultur (AK) i arealdelen til kommuneplanen her.

21. Trond Kaland. Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert ikkje endra i dette regulerte området på Kaland i samband med kommuneplanarbeidet. Her må det planendring til for å endra reguleringsplanen i området.

22. Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS. Konklusjon: Det vert sett av eit område for Akvakultur (AK) i arealdelen til kommuneplanen her på område som er merka grønt (kart 2 på vedlegg / areal skravert grønt) Børildosen og som på høringskartet var sett av til Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

23. Walther Kaland. Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen endrar me ikkje kommuneplankartet i dette området på Kaland til Bustadområde, men innspelet til Walter Kaland vil me ta med oss i planarbeidet når Austrheim kommune skal detaljregulera skule- og barnehageområdet. Då er det naturleg å regulera inn bustadar i dette området der dette er formålstenleg og ikkje kjem i konflikt med andre brukarinteresser.

24. Atle Utkilen. Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen endrar Austrheim kommune ikkje kommuneplankartet i dette området på Utkilen etter offentleg ettersyn, men innspelet til Atle Utkilen når det gjeld føresegner og spørsmålet om talet på bustadar i spreidde område vil me ta med oss når kommunen skal drøfta dette i planprosessen vidare.

25. Cecilie Fønnes. Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen endrar me ikkje kommuneplankartet i dette LNF-området i Budalen til LNF område med spreidd bustadutbygging.

26. Naturvernforbundet. Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen tek me ikkje merknaden til Naturvernforbundet til etterretning når det gjeld forslag til arealendringar. Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen set me av eit AK område i arealdelen til kommuneplanen ved Allersholmen. Dette på grunn av merknaden frå fylkeskommunen.

27. Kai Arild Kaland. Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen endrar me ikkje kommuneplankartet til næringsføremål i dette Deponiområdet langs Fv. 57 på Kaland.

28. Morten Ragnvaldsen. Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen reduserer me H14 området på kommuneplankartet i den austlege delen av dette området på Njøta. Det vert no LNF-område.

29. Fiskarlaget Vest. Arealdelen til kommuneplanen vert endra ved Øksneset og Allersholmen i området avsett frå «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» til akvakulturområde. Sjå merknadshandsaming av Hordaland Fylkeskommune sin merknad. Elles tek Austrheim kommune merknadar til etterretning der det er naturleg og viktig i forhold til fiskeriinteresser. I kommuneplankart legg me inn kaste- og låssettingsplassane KL-område slik Fiskarlaget Vest ynskjer det og der det ikkje kjem i strid med anna arealbruk, eller der dette ikkje er naudsynt fordi arealformålet alt ivaretek desse omsyna/bruken.

Offentlege merknadar:

1. Bergen og Omland Hamnevesen. Konklusjon: Austrheim kommune tek merknaden til orientering.

2. Kystverket Vest. Konklusjon: Austrheim kommune tek merknaden til orientering.

3. Hordaland Fylkeskommune. Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra ved Øksneset

og Allersholmen i området avsett frå «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» til akvakulturområde. Elles vert føresegn om kulturminne endra slik fylkeskommunen ber om, og område for senterstruktur nærare bestemt på arealplankartet. Austrheim kommune vil synleggjera i føresegn kor mange bustadar me kan tillata i LNF-SB/SBN områda i planperioden. Merknaden vert elles teke til orientering.

4.Fiskeridirektoratet. Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra ved Allersholmen i området avsett frå «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» til Akvakulturområde AK.

5.Statens vegvesen, Region vest. Konklusjon: Føresegn til kommuneplanen i Austrheim vert endra slik Statens vegvesen ber om.

6.Fylkesmannen i Hordaland. Konklusjon: Merknadar til kommuneplanen vert teke til etterretning slik Fylkesmannen i Hordaland ber om. Kommuneplanen vert sendt ut til andre gongs offentleg ettersyn når det er følgd opp.

Framdrifta vidare:

Rådmannen rår elles til at vedtekne endringsforslag i kommunestyret vert teke inn i plankart, retta opp i føresegner og i planskildringa før kommuneplanen sin arealdel vert sendt ut til andre gongs offentleg ettersyn. Også andre naudsynte endringar i samsvar med merknad frå Fylkesmannen i Hordaland og rådmannen over må på plass før Austrheim kommune kan senda senda planen ut på offentleg ettersyn. Rådmannen vil opplyse om at Fylkesmannen i Hordaland har skrive at dette som står under her må rettast opp i før kommuneplanen vert sendt ut til andre gongs offentleg ettersyn:

-Planskildringa må utfyllast og forankrast i ei tydeleg konsekvensutgreiing og ei områdevis og samla vurdering.

-Område som vert opna for naustbygging må visast korrekt og eintydig i plankartet.

-Det må etablerast byggegrensar, fortrinnsvis forankra i ei funksjonell strandsonevurdering, gjennomgåande i områda som er vist for spreidd utbygging.

-I område som er sett av til spreidd utbygging, må lova sitt krav til å fastsetje omfang og lokalisering oppfyllast, slik at verknaden av planen kan vurderast.

Rådmannen vil peika på at når kommunestyret den 22.02.2017 har vedteke kva som skal endrast så må administrasjonen få noko tid på seg til å retta opp plankartet, føresegnene, planskildringa og konsekvensutgreiinga. Det må gjerast fagleg forsvarleg og i tråd med lovverket for slikt planarbeid. Rådmannen vil tru at desse rettingane vil verta gjort i løpet av mars/april 2017. Det vil då vera naturleg å ta saka opp med alle dei justerte plandokumenta på eit nytt kommunestyret som legg kommuneplanen sin arealdel formelt ut til til andre gongs offentleg ettersyn. Rådmannen meiner at om kommunestyret tek dette møte i mai 2017 så kan høyringsfristen vera 1. august 2017, då vert høyringsperioden om lag 2 månadar. Då kan kommunestyret truleg vedta kommuneplanen sin arealdel hausten 2017. Dette vil vera ein framdrift som rådmannen meiner vil vera realistisk og i tråd med god forvaltingskikk og plan- og bygningslova.

Rådmannen vil opplyse om at dersom det kjem motsegn på andre gongs offentleg ettersyn så kan denne framdrifta verta endra. Rådmannen meiner at om dette skjer, så må Austrheim kommune få på plass eit dialogmøte/drøftingsmøte med rette offentleg instans så fort som mogeleg. Alternativt må saka gå vidare til Kommunal- og moderniseringsdepartementet som har det overordna ansvaret

for plan- og bygningslova. Austrheim kommune kan og ta motsegna til følgje og vedta planen med dei endringane som motsegna ba oss om å gjera.

Rådmannen vil til slutt peika på at det er kommunestyret som styrer kommuneplanprosessen og korleis saksgangen vidare skal vera. Rådmannen rår til at kommuneplanprosessen går vidare i samsvar med vedtak som vert gjort i kommunestyret den 22.02.2017, og i tråd med merknaden frå Fylkesmannen i Hordaland og vurderingar og konklusjonar gjort av rådmannen i saksutgreiinga over.

Rådmannen rår til at kommuneplanen sin arealdel formelt vert sendt ut til andre gongs offentleg ettersyn når oppdaterte plandokument ligg føre, dette er truleg klart til kommunestyremøtet i mai 2017.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at vedtekne endringsforslag i kommunestyret og i samsvar med merknad frå Fylkesmannen i Hordaland og rådmannen sine vurderingar og konklusjonar i saksutgreiinga vert teke inn i plankartet, føresegner, planskildring og konsekvensutgreiing til kommuneplanen sin arealdel.

Kommunestyret i Austrheim legg kommuneplanen sin arealdel formelt ut på andre gongs offentleg ettersyn når plandokumenta er vorte revidert.